



PLAN FOR
VESTNORSK JAZZ SENTER

KULTURHUSET USE - BERGEN

VNJS

1. **INNLEIING**
2. **SAMANDRAG**
 - 2.1 Bakgrunn
 - 2.2 Situasjonsanalyse
 - 2.3 Etablering av VESTNORSK JAZZSENTER
 - 2.4 Profesjonell scene ved Kulturhuset USF Bergen
 - 2.5 Produsentledd for turnear
 - 2.6 Pedagogisk verksemrd
 - 2.7 Funksjonar regionalt
 - 2.8 Funksjonar ovanfor utøvarar og freelance-musikarar
 - 2.9 Arbeid for eigne musikarstillingar
 - 2.10 Musikkpolitisk
 - 2.11 Informasjon
 - 2.12 Styring
 - 2.13 Økonomi/budsjet
3. **VESTNORSK JAZZSENTER-
EIN KNUTEPUNKTINSTITUSJON?**
4. **KONSERTPRODUKSJON
ETABLERING AV SENTRAL SCENE**
5. **UTDANNING & OPPLÆRING**
 - 5.1 Bakgrunn
 - 5.2 Pedagogisk verksemrd
 - 5.3 Opplæring ovanfor storband
 - 5.4 Storbandprosjekt
 - 5.5 Regionalt ungdomstorband
6. **REGIONOPPGÅVER**
 - 6.1 Innleiing
 - 6.2 Jazzlivet i regionen
 - 6.3 Om noverande verksemrd
 - 6.4 Framlegg til regionoppgåver
 - 6.4.1 Opplæring
 - 6.4.2 Formidling
 - 6.4.3 Administrative fellesfunksjonar
 - 6.5. Instruksjon/øving
 - 6.6. Ungdom
7. **TURNEPRODUKSJON**
 - 7.1 Bakgrunn
 - 7.2 Avgrensning av arbeidet
 - 7.3 Moglege arbeidsoppgåver
8. **STYRINGSMODELL/VEDTEKTER**
 - 8.1. Styresamansetjing
 - 8.2. Vedtekter
9. **LOKALISERING**
 - 9.1 Innleiing
 - 9.2 Lokaler
 - 9.2.1 Administrasjonslokale
 - 9.2.2 Øvingslokale
 - 9.2.3 Undervisningslokale
 - 9.2.4 Profesjonell jazz-scene
 - 9.2.5 Jazz-akademi
10. **ØKONOMI/BUDSJETT**
11. **VEDLEGG** -budsjett / vedtekter / oversyn over det lokale jazzliv /
notat om storbandprosjektet / notat om ungdomstorband /
utdrag Bergen Kommune sin kunstplan / utdrag Fylkesdelplan for Kultur

1. INNLEIING

Styringsgruppa for regionalt jazzsenter legg med dette fram plan for etablering av Vestnorsk Jazzsenter. Senteret er planlagt lokalisert til Kulturhuset USF Bergen.

Medlemmene i styringsgruppa har vore

| | | |
|------------------------|------------------|--------------------------------|
| Elsa Marie Kind Hevrøy | <i>leiar</i> | Hordaland Fylkeskommune |
| Bo Grønningseter | <i>nestleiar</i> | Bergen Kommune |
| Rolf Grundesen | | Norsk Jazzforbund |
| Lars Mossefinn | | region 3 Norsk Jazzforbund |
| Mette Gjerde | | Nattjazz |
| Knut-Ove Gjersvik | | Bergen Jazzforum |
| Olav Dale | | Foreningen Norske Jazzmusikere |

Rolf Grundensen var med ut 1994.

Jon Skjerdal og Jon Tvilde har vore engasjert som prosjektleiarar.

Regionale jazzsentra er i dag den viktigaste saka til Norsk Jazzforbund. Klubbar, storband og organisasjonen elles har lenge sett behov for regionale senter som kan stø og vidareutvikla jazzmiljøet lokalt.

Framlegget til plan for Vestnorsk jazzsenter vert oversendt Bergen Kommune, fylkeskommunane; Rogaland, Hordaland, Sogn- og Fjordane og til Norsk Kulturråd. Siktemålet er at det første norske regionale jazzsenter vert etablert i Bergen frå 1. august 1996 med full drift frå 1999.

Bergen 19. oktober 1995

Bo Grønningseter Elsa Marie Kind Hevrøy

Knut-Ove Gjersvik Olav Dale Mette Gjerde Lars Mossefinn

2. SAMANDRAG

2.1 Bakgrunn

Region 3 av Norsk Jazzforbund vedtok hausten 1992 at det skulle utarbeidast "eit konsept med søknad om etablering av eit regionalt jazzsenter i Bergen. " Søknad om støtte til eit forprosjekt vart sendt Bergen Kommune og Hordaland Fylkeskommune. Både fylket og kommunen fatta positive vedtak og løyvde midlar til eit forprosjekt for eit regionalt jazzsenter. Norsk Jazzforbund har òg løyvd midlar til arbeidet.

"Kultur og friluftsutvalet ser positivt på tanken om å etablere eit regionalt jazzsenter i Bergen. Administrasjonen får i oppdrag å arbeida vidare med saka i tråd med det som står i utgreiinga. Det er viktig at fylket blir representert i ei styringsgruppe for prosjektet."

samrøystes vedtak Kultur og friluftsutvalet Hordaland fylkeskommune 29.10.93 .

"Kulturavdelingen bør legge til rette for at byens levedyktige jazzmiljø må få bedre arbeidsvilkår med hensyn til en stabil tilskuddssituasjon fra stat, fylke og kommune. Videre må man i samarbeid med de samme tilskuddspartene og Norsk Jazzforbund, arbeide for at landets første regionale jazzsenter legges til Bergen." Bergen Kommune si Kulturmelding.

"Norge har i dag flere jazzmusikere i verdensklasse, og norsk jazz har en høy stilling internasjonalt. Det mangler imidlertid permanente spillesteder i Norge hvor profesjonelle jazzmusikere kan møte sitt publikum. Departementet ser ingen grunn til at denne avanserte og etablerte musikkform skal behandles så forskjellig fra andre musikkformer på høyt nivå som tilfellet er i dag, og vil utrede etablering av et eventuelt norsk jazzforum."

Kultur i tiden. St. meld. nr. 61(1992-92).

"1. Etablering og utvikling av regionale jazzsenter er hovedsatsningsområde for NJF i perioden 1993-1996."
Vedtak Norsk Jazzforbund 1993.

2.2 Situasjonsanalyse.

Det er avgjerande for ei vidare utvikling av musikkforma **jazz og jazzmiljøet** at produksjon og distribusjon av jazzkonsertar vert betra. Generelt må jazzen oppnå ei sjangermessig jamstelling med andre musikkformer.

Mange **jazzklubbar** har økonomiske problem. Dei lir ofte av svak organisering med stor slitasje på få eldsjeler. Ein stor del av musikktilbodet er ikkje jazzkonsertar. Dei tekniske tilhøva som scene, lys, lydanlegg og flygel er ofte mangelfulle.

Utøvarar på ulike nivå slit med därlege øvingstilhøve, få tilbod om profesjonell og jamleg instruksjon, opplæring er ofte fråverande, få jobbtilbod, därleg økonomi og manglande tilrettelegging.

Vestlandet har eit rikt jazzmiljø med mange jazzfestivalar, eit bra nett med jazzklubbar, fleire storband og ei flott gruppe med profesjonelle utøvar. På kulturhuset USF Bergen er det gode lokale og eit svært bra organisasjon- messig miljø som gjev gode rammevilkår for etablering av eit senter.



Ytterkantar på jazzscenen



2.3 Etablering av Vestnorsk jazzsenter.

For å møta denne situasjonen er målet at Noregs fyrste regionale jazzsenter, VESTNORSK JAZZSENTER skal etablerast i Bergen. Senteret er planlagt lokalisert til Kulturhuset USF, med oppstart frå 1.8. 1996 og full drift frå 1999.

Vestnorsk jazzsenter(VNJS) skal vera ein ressursbase for jazzmiljøet på Vestlandet (Sogn- og Fjordane, Hordaland og Rogaland).

Dette kompetansesenteret skal

- driva ein profesjonell scene for jazz med høgt aktivitetsnivå
- vera eit produsentledd for turnear og samarbeidskonsertar i regionen
- vera eit pedagogisk senter for jazzmusikk

Senteret skal vera eit knutepunkt for jazzmusikk på Vestlandet. Senteret skal samarbeida med Bergen Jazzforum om drift av den profesjonelle scenen.

Det vert lagt til grunn at sentrale, regionale og lokale styresmakter tek del i drifta av senteret. Målet er at Vestnorsk Jazzsenter skal etablerast som ein knutepunktinstitusjon seinast frå 1998 med 60 % driftstilskot frå stat og 40 % tilskot frå Bergen kommune (som vertskommune) og fylka i regionen.

“Bergen Kommune støtter arbeidet for å få etablert et Vestnorsk jazzsenter i Bergen i samarbeid med stat og fylke. “

Bergen kommune sin kunstplan.

Framlegg til Fylkes delplan for kultur 1996-2003 (“Tid for kultur”) har Vestnorsk jazzsenter som eige tiltak(tiltak 2.9), sjå vedlegg.

2.4 Profesjonell scene ved Kulturhuset USF Bergen.

Vestnorsk jazzsenter skal etablera ein profesjonell scene for jazzmusikk og tilgrensande musikkformer. Denne scenen skal produsera inntil 100 kvalitetskonsertar årleg, av lokal, nasjonal og internasjonal karakter. Hovudvekta skal liggja på ensemble med kvalitet på nasjonalt nivå. Fleire av konsertane skal inngå i regionale turnear og særleg større jazzklubbar som Stavanger Musikkforum, vil ta imot fleire av dei konsertane ein produserer i Bergen.

Styret for senteret har ansvar for programmet på scenen, medan eit programråd vil vera rådgjevande. Bergen Jazzforum(BJF) skal vera teknisk arrangør. Dette er ein effektiv og rasjonell driftsform som ivaretok den store dugnadsinnsatsen dei friviljuge medlemmene i BJF utfører.

Etableringa av ein sentral scene med kontinuerlege jazzkonsertar passar inn i Norsk Jazz forbund sine planar om eit nett med sentrale jazzklubbar.

2.5 Produsentledd for turnear.

Vestnorsk jazzsenter skal kunna ivareta regionsfunksjonar for Den Norske Jazzscenen, det sentrale produksjonsleddet for jazzmusikk, ved å leggja opp turnear i regionen.

Særleg skal senteret hjelpe musikarar i regionen med å koma ut på turne. VNJS skal òg vera ei adresse for dei som ynskjer å få tak i profesjonelle musikarar og instruktørar.

Vestnorsk jazzsenter skal arbeida fram samarbeidskonsertar inntil 20 i året, i eigen regi eller i samarbeid med andre arrangørar i regionen. Døme på lokale samarbeidspartar er kor, korps, spelemannslag, dansegrupper o.s.b.

2.6 Pedagogisk verksemde.

Vestnorsk jazzsenter skal koordinera opplæringsverksemda innan jazz og tilgrensande musikkformer. Utvikling av pedagogiske tilbod til storbanda i regionen vil prioriterast, vidare arbeidet med ungdom. Opplæringsverksemda skal skje i nært samarbeid med studiekomiteen i NJF, utdanningsinstitusjonane i regionen som steller med jazz eller rytmisk musikk, og elles friviljuge organisasjonar og offentlege instansar som det er naturleg å samarbeida med. Målet er eit kvalitetstilbod innan opplæring for lokale og regionale jazzmusikarar.

Prioriterte målgrupper:

- profesjonelle og delprofesjonelle musikarar
- dei som driv med jazz/rytmisk musikk evt. i samarbeid med utdanningsinstitusjonar og musikkskular
- storband og storbandleiarar
- fritidsutøvarar utanom storband
- ungdom

Det ideelle målet er at det innanfor høgskulesystemet på Vestlandet, vert etablert ei eige jazzline eller eit undervisningstilbod der jazz står i sentrum.

Generelt må jazz verta jamstelt med anna kunstmusikk. Eitt steg på vegen er at jazzsenteret produserer eigne undervisningspakka som vert selde til kommunar, høgskular eller musikkskular. Ole Bull Akademiet sin undervisningsmodell må vurderast i denne samanhengen.

2.7 Funksjonar regionalt.

Ovanfor klubbar/lokale arrangørledd.

Vestnorsk jazzsenter skal produsera turnear som er økonomisk forsvarlege og attraktive tilbod for jazzklubbane. Ein skal arbeida for nyetablering av jazzklubar og få til eit samarbeid med andre arrangørledd som kan presentera jazz.

Senteret må fungera som ein ressursbase og til ei kvar tid stå til rådvelde for- og hjelpe jazzklubar og storband. Årleg skal det m.a. skipast til organisasjonskurs for tillitsvalde.

Ovanfor storband.

Vestnorsk jazzsenter skal syta for at storbanda i regionen får jamleg profesjonell instruksjon. Særleg skal det arbeidast mot born og unge. M.a. bør ein få til eit samarbeid med korpsmiljøet for å få unge til å halde fram med musikk, m.a. som rekrutterar i lokale storband.

Senteret skal arbeida for eit auka samarbeid mellom lokale storband. Jazzklubbane bør og setja opp konserter med lokale storband.

2.8 Funksjonar ovanfor utøvarar og freelance-musikarar.

Vestnorsk jazzsenter skal hjelpe freelance-musikarar i regionen med utvikling av prosjekt og turnear. Vestnorsk jazzsenter skal samarbeida nært med Den Norske Jazzscene. Vidare er det eit mål å utvikla eit godt samarbeid med dei fylkeskommunale musikkseksjonane, som er ein del av Rikskonsertane, om turneproduksjon på Vestlandet.

Den profesjonelle scenen ved Kulturhuset USF skal vera ein viktig spelestad for musikarar frå regionen.

Vestnorsk jazzsenter kan stå til teneste på ulike vis for musikarar:

- hjelpa til med profesjonell instruksjon, både på einskildinstrument og i gruppесamanheng.
- vera ein bindelekk til utdanningsinstitusjonane
- organisera turnear for lokale musikarar i regionen
- arbeida for å betra øvingstilhøva

2.9 Arbeid for eigne musikarstillingar.

Senteret skal arbeida for at det vert oppretta musikarstillingar med- og for jazzmusikarar. Det bør skipast stillingar som er fleksible slik at dei kan kombinerast med ei aktiv karriere som jazzutøvar. I praksis inneber dette små stillingsstorleikar.

Desse stillingane må sjåast i høve til andre oppgåver av pedagogisk karakter, t.d. slik dei fylkeskommunale folkemusikarstillingane i Hordaland er organisert.

Senteret kan leggja opp turnear for desse musikarane, eventuelt i samarbeid med fylke og kommunar.

2.10 Musikkpolitisk

Vestnorsk jazzsenter skal arbeida kultur- og musikkpolitisk. Senteret skal delta på-, og skipa til konferansar/seminar, vera aktiv i media og ein pådrivar ovanfor styresmakter når det gjeld spørsmål om musikk generelt og jazz spesielt.

2.11 Informasjon

Vestnorsk Jazzsenter skal fungera som eit informasjons- og dokumentasjonssenter for jazz i regionen. Senteret må samordna aktiviteten med andre aktørar innanfor musikk, m.a. gjennom "Forum for auka samarbeid for kulturformidling" i Hordaland.

2.12 Styring.

Planen er at Vestnorsk jazzsenter vert oppretta som ein sjølvstendig, organisasjon, eventuelt som ei ideell stifting som kan verta definert som eit "knutepunktsenter". Økonomiske midlar vert kanalisiert direkte til VNJS fra dei løvvande styresmakter.

Styret for senteret er føreslått med følgjande medlemmer:

| | | |
|--------------------------------|-----------|------------|
| Kulturdepartementet | oppnemner | styreleiar |
| Hordaland fylkeskommune | oppnemner | 1 repr. |
| Bergen kommune | oppnemner | 1 repr. |
| Norsk Jazzforbund | oppnemner | 1 repr. |
| Bergen Jazz Forum | oppnemner | 1 repr. |
| Foreningen Norske Jazzmusikere | oppnemner | 1 repr. |
| Rogaland fylke | oppnemner | 1 repr. |
| Sogn- og Fjordane | oppnemner | 1 repr. |

2.13 Økonomi/budsjett.

Det er utarbeida eit detaljert budsjett for verksemda for VNJS. Budsjettet byggjer på 2,5 tilsette, utstrekkt reiseverksemrd, inntil 100 konsertar på den sentrale scenen, pedagogisk verksemrd som kurs og seminar samt årlege turnear i regionen. Budsjettet har brutto årlege driftskostnader på kr. 6.905.000 og kr. 1.175.000 i andre driftsinntekter ved full drift(1999).

Dette gjev ei netto driftsutgift på kr. 5.730.000. Dette vil verta søkt finansiert med ei årleg løvning på kr. 3.450.000 frå staten, kr. 860.000 frå kvar av Bergen Kommune og Hordaland Fylkeskommune. Resten kr. 560.000 vil ein søkja å få løvd frå Sogn- og Fjordane- og Rogaland fylkeskommune.

3. VESTNORSK JAZZSENTER- EIN KNUTEPUNKTINSTITUSJON?

Vestnorsk jazzsenter skal dekka regionen Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. VNJS skal vera eit knutepunkt for jazz/rytmisk musikk for Vestlandet.

Bergen Kommune og Hordaland fylkeskommune har inngått ein intensjonsavtale om at regionalt jazzsenter skal opprettast i Bergen. Med dette har offentlege styresmakter i regionen forplikta seg i høve

til vertskapsfunksjonen for VNJS. Bergen kommune si kulturmelding "Kulturbyen Bergen" set opp VNJS som ei hovudsatsing innan musikkfeltet. På s.87 står det; "I samarbeid med staten og Hordaland fylkeskommune vil vi arbeide for å etablere et regionalt jazzsenter i Bergen".

I Stortinget si nye funksjonsdeling blir det sett opp fordelingsnøklar for tilskota for ulike kulturinstitusjonar. Dei blir delt i nasjonale, region-/landsdels- og knutepunktinstitusjonar. Denne funksjonsdelinga har konsekvensar for økonomiske tilskot frå stat, fylke og kommune, samt at delinga inneber ulike former for styredeltaking frå dei ulike tilskotspartane.

Når stat, fylke og kommune evt. samarbeider om opprettinga av Vestnorsk jazzsenter i Bergen, vil det vera mest naturleg å tala om knutepunktsenter. Dette inneber at staten oppnemner styreleiar i senteret, og den økonomiske fordelingsmodellen er staten 60% driftstilskot og fylke/kommune 40%.

Ser ein nærrare på prioriteringa i kulturmeldinga samsvarar desse godt med det Vestnorsk Jazzsenter legg opp til:

Stortingsmeldinga "Kultur i tiden" ;

- leggja til rette for likeverdige kulturtilbod over heile landet(s.23), gjennom betre musikkformidling nå flest mogleg på tvers av sosiale og geografiske skiljelinjer(s. 68)
- ein skal driva meir målretta formidling(s. 26)
- det er viktig å formidla det som som vert skapt i den ikkje institusjonaliserte delen av kulturlivet(s. 26).
- kvaliteten på formidlinga må verta betre(s. 26)
- i større grad prioritere barn og unge(s. 27)
- fremja samarbeidet mellom profesjonell musikkutøving og anna musikkopplæring(s. 68)
- ein ser det som viktig at den ikkje profesjonelle musikkverksemda har gode kår(s. 68).

Konklusjon.

Vestnorsk jazzsenter i Bergen er planlagt som eit regionalt ressurssenter som bør få status som knutepunktinstitusjon for jazz- og rytmisk musikk på Vestlandet. Stat, fylke og kommune bør inngå ein avtale om at Vestnorsk jazzsenter blir definert som knutepunktsenter frå 1.1.99.

Inntil då søker ein Norsk Kulturråd om midlar til eit 3-årig forsøksprosjekt.

4. KONSERTPRODUKSJON ETABLERING AV SENTRAL SCENE

Ei sentral oppgåve for senteret er drift av ein profesjonell scene med høgt aktivitetsnivå. Skal jazz oppnå ei tilnærma jamstilling med andre musikkformer er det behov for ein scene som presenterer jazz jamleg. Vestnorsk jazzsenter tek sikte på inntil 100 konserter årleg på kulturhuset USF. Dette skal skje med ei gradvis opptrapping. Opplegget inneber om lag 2,5 konserter i veka ved full drift i konsertsesongen.

Denne scenen må ha optimale rammevilkår når det gjeld sceneforhold og tekniske ressursar. Vidare

trengst det ein profesjonell driftsorganisasjon. Her kjem Bergen Jazzforum(BJF) inn. BJF vil framleis vera organisert som ein medlemsorganisasjon, men BJF vil få oppgåva som teknisk arrangør for Vestnorsk jazzsenter si konsertverksem. På denne måten nyttar ein BJF's ekspertise. Dette vil vera ein effektiv og rasjonell driftsform som nyttegjer den store dugnadsinnsatsen dei friviljuge medlemmene BJF utfører (vakter, sjåførar m.m.). Alternativet, fleire fast tilsette, ville hatt så store økonomiske fylgjer at eit senter ikkje kunne etablerast.



Styret for VNJS tek avgjerd om ansvar for programet, medan eit programråd vil vera rådgjevande på dette området. Det vil verta utarbeida retningsliner for programpolitikken. Det er viktig å sikra at det vert eit balansert forhold mellom lokale, nasjonale og internasjonale ensemble.

5. UTDANNING & OPPLÆRING

5.1. Bakgrunn.

Norsk Jazzforbund har prioritert ei utvikling av opplæring- og utdannings-tilboda på jazzområdet. I 1994 vart det utarbeida ein rammeplan for opplæring som skal bidra til å styrke kvalitet og omfang i opplæringsverksemda. Denne rammeplanen gjennomgår situasjonen når det gjeld offentleg opplæring i jazz, samt ulike opplæringsstilbod i organisasjonssamanhang.

I NJFs handlingsplan heiter det m.a.:

"NJV skal medvirke til at det arrangeres kurs og drives opplæringsvirksomhet ovenfor klubber, storband og amatørmusikere/band samt styrke jazzens stilling innenfor det offentlige opplærings- og utdanningssystemet."

Det heiter òg at ein vil satsa på:

** Videreutvikle kursopplegg for å utdanne storbandinstruktører.*

** Storbandenes funksjon som rekruterings- og opplæringssted for jazzmusikere styrkes.*

** Utarbeide/tilrettelege kursopplegg for musikere og band hovedsakleg på amatørnivå."*

5.2 Pedagogisk verksemd.

Vestnorsk jazzsenter skal koordinere opplæringsverksemd innan jazz og tilgrensande musikkformer i regionen.

Prioriterte målgrupper:

- profesjonelle og delprofesjonelle musikarar
- dei som driv med jazz/rytmisk musikk innanfor/i samarbeid med utdanningsinstitusjonar og musikkskular
- storband og storbandleiarar
- fritidsutøvarar utanom storband
- ungdom

Det vert viktig å leggja vekt på utvikling av storbandmusikk i regionen.

Opplæringsverksemd skal skje i nært samarbeid med studiekomiteen i NJF, utdanningsinstitusjonane i regionen som steller med jazz eller rytmisk musikk, og elles dei friviljuge organisasjonar og offentlege instansar som det er naturleg å samarbeida med.

Målet er at det vert lagt til rette for eit kvalitetstilbod innan opplæring for jazzmusikarar og arrangørar.

Ideelt sett burde ein innanfor høgskulesystemet på Vestlandet hatt ei eige jazzline. Målet må vera at jazz vert jamstelt med anna kunstmusikk. Eitt steg på veggen er at jazzsenteret produserer eigne undervisningsopplegg som vert selde til kommunar, høgskular og musikkskular. Ole Bull Akademiet sin modell må vurderast som ei mogleg organisasjonsform.

Det er innleia samtalar med høgskulesystemet om dette.



5.3 Opplæring ovanfor storband.

Det må gjennomførast seminar/samlingar for storbandleiarane etter modell frå rammmeplanen til NJF. Vidare vil ein arbeida med å betra opplæring og instruksjonen ovanfor storband generelt.

5.4 Storbandprosjekt.

I forprosjektet for regionalt jazzsenter har det vore ein føresetnad at det skal føregå ein viss praktisk aktivitet.

Styringsgruppa har vedtatt å setja i gang med eit opplæringstilbod ovanfor storband. Modellen ein arbeider etter byggjer på følgjande:

- ofte treng amatørstorbanda impulsar utanfrå, ein profesjonell person som kjem og jobbar direkte med banda
- amatørstorbanda treng kjappe impulsar og ei motiverande kraft
- det er viktig å arbeida fram mot konserter/framføringar slik at banda for prøva ut i praksis det dei har arbeidd med.

Styringsgruppa gjennomførte eit prosjekt med 3 storband, eitt i kvart fylke, vinteren 1995. Skissa for dette prosjektet finn ein som vedlegg.

5.5 Regionalt ungdomstorband



både på utøversida og på mottakarsida. I dag ynskjer ein at regionale jazzsentra skal overta desse oppgåvane.

Dei mest aktive pådrivarane for etablering av regionale jazzsentra har vore regionorganisasjonane og klubbanne. Lokallaga har lenge etterlyst lokale ressursenter som kan følgja opp arbeidet som vert gjort lokalt, eit arbeid som jazzforbundet i liten grad har kunna prioritert. Mange har hevda at regionale jazzsentra må overta dei oppgåvane som region-organisasjonen hadde eller har i dag ovanfor medlemslaga.

Region 3 av Norsk Jazzforbund omfatta tidlegare Hordaland, Rogaland, Aust- og Vest-Agder. Ei nyinndeling av regionane er under handsaming slik at region 3 truleg vil omfatta Sogn- og Fjordane, Rogaland og Hordaland.

6.1 Innleiing.

Jazzlivet på Vestlandet(Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane) omfattar det mest aktive utøvingsnivået i landet. Ei oppteljing i 1994 synte at ein har 5 årlege jazzfestivalar, 7

VNJ vil arbeide for å etablere eitt regionalt ungdomstorband for Vestlandet. Storbandet vil årleg ha fleire weekendsamlingar og samling 1 vike om sommaren. Dette tiltaket er innarbeida i budsjettet.

6. REGIONOPPGÅVER



jazzklubar og minst 24 storband i dette distriktet. Når det gjeld profesjonelle jazzband finn ein 39 som kan reknast som aktive.

Det er eit aktivt jazzmiljø i Gloppen/Sandane, og i Sogndal ligg det godt til rette for utvikling av eit stabilt miljø. Voss har m.a. ein løna administrasjon for Vossa Jazz som gjev eit godt grunnlag for utvikling av aktivitet gjennom året. I Haugesund er det ein svært omfattande aktivitet ovanfor barn og unge gjennom prosjektet Brislingane, eit storbandprosjekt, i Sildajazz sin regi. På klubbsida vart Bergen Jazzforum i 1994 kåra til Noregs beste jazzklubb, og Stavanger har frå sommaren 1995 etablert løna administrasjon for Maijazz og Stavanger Musikkforum.

Sjå eige vedlegg om situasjonen lokalt.

6.3 Om noverande verksemد.

Styra for regionane i Norsk Jazzforbund har i snitt motteke kr. 20.000 i årleg driftsstøtte frå jazzforbundet. Dette har stort sett vore brukt til å avvikla styremøte og årsmøte. I liten grad har ein makta å følgja opp dei einskilde laga, samordna turnear og gjennomføra opplæringstiltak.

Det største problemet når det gjeld produksjon og distribusjon av jazzkonsertar ligg på arrangørsida/klubbnettet:

Nokre gjennomgåande trekk:

- mange klubbar har store økonomiske problem
- ein stor andel av konsertane er ikkje jazzkonsertar
- ofte svak organisering
- stor slitasje på få eldsjeler

6.4 Framlegg til regionoppgåver

Vestnorsk jazzsenter skal:

Vestnorsk jazzsenter skal vera eit service-, produksjon- og formidlingsorgan ovanfor klubbar, storband og jazzmusikarar.

Med utgangspunkt i dei prioriteringar lokallaga sjølv set opp skal VNJS arbeida med følgjande 3 hovudområde:

6.4.1 Opplæring.

VNJ bør i samarbeid med fylka sine musikkråd etablera eigne opplæringstilbod for klubbar og storband. Vert desse organisert som vaksenopplæring vil dette gje eit godt ressursgrunnlag for opplæringsarbeidet.

Denne opplæringa bør gjevast innanfor følgjande tre hovudområde, der punkt c vert prioritert:

- a) *Musikkfaglege opplæringsemne*
- b) *teknisk konsertproduksjon*
- c) *organisasjonsarbeid, skulering av tillitsvalde med m.a.*
 - organisasjonsutvikling, leiaropplæring
 - PR-arbeid, informasjonsarbeid
 - økonomi, budsjett, rekneskap, sponsoring
 - sekretærfunksjonar, søknader, tilskotsordningar

6.4.2 Formidling

VNJS skal:

-arbeida fram eigne regionturnear og samordna turnear lokalt
 -delta i fylkeskommunalt samarbeid om formidling, slik som "Forum for auka samarbeid for kulturformidling" i Hordaland.

-få ordningar slik at jazzklubbane får ei betre teknisk utrustning (PA-anlegg, lys, scene). Det bør vurderast å hjelpe til med eigne "teknikkpakker" (lydanlegg, scenedekor, lys) som følgjer turneane ein legg opp, evt. i samarbeid med lokale firma som har slik kompetanse.

6.4.3 Administrative fellesfunksjonar.

VNJS skal:

- gje administrativ støtte til laga og etablera ei form for reisesekretærordning.
- styrka det eksisterande klubbnettet ved å etablera fleire jazzklubar og arrangørledd.
- få til eit samarbeid med andre arrangørar

6.5. Instruksjon/øving

Vestnorsk jazzsenter skal arbeida for at det vert skipa faste musikarstillingar for jazzmusikarar i fylkeskommunane eller kommunane. Gjennom aktiv bruk av desse og andre lokale ressurspersonar, samt eksterne, profesjonelle instruktørar, skal det utviklast eit kvalitetstilbod innan instruksjon for lokale jazzmusikarar.

Vestnorsk jazzsenter skal etablira nært samarbeid med musikkskulen, vidaregåande skule, konservatoriet og Universitetet. Senteret skal syta for at jazzmusikarar på alle nivå har optimale øvingstilhøve.



6.6. Ungdom.

Vestnorsk jazzsenter skal særleg arbeida ovanfor ungdom. Eit hovudproblem for unge musikarar er at dei sluttar å spela i ung alder! Det er eit stort fråfall frå korps og musikkskular. Det ligg ei enorm utfordring her, og det kan gjerast ein innsats på mange område. Opplæringstilboda i musikkskulen bør gjerne nyanserast med fleire typer instrument, korpsa bør gje rom for anna repertoar, danning av ungdomssstorband mv. Jazzmusikarar har synt mange døme på at deira tilnærming til musikken har fleire fortrinn når ein arbeider med ungdom.

7. TURNEPRODUKSJON

7.1 Bakgrunn.

Formidling av- og organisering av turnear har i mange år vore ei viktig oppgåve for jazzmiljøet. Etter etableringa av *Den Norske Jazzscene*(DNJ) i 1991 har jazzmiljøet fått sin eigen institusjon som i hovudsak formidlar jazzband til eigne medlemslag. Vidare har Rikskonsertane etablert *Norsk Musikantbruk* som produsent og formidlar av norsk musikk. *Rikskonsertane* sine turneprogram inneholder ein del jazz, og *Rikskonsertane* hjå fylka engasjerer ein del jazzutøvarar(sjå eige vedlegg).

Seinare har det òg kome nokre private selskap som konsentrerer seg om jazz.

Tidlegare var òg *regionen/regionrepresentanten* ein viktig turneaktør som søkte om støtte til- og la opp turnear i regionen. Dette var turnear som søkte støtte frå dei respektive fylka turneen omfatta.

Det er altså eit samansett nett med aktørar som arbeider med formidling-, hovudsakleg eller delvis med jazzmusikk.

7.2 Avgrensing av arbeidet

Det må difor understrekast at senteret ikke bør etablira ein eigen større formidlingsorganisasjon. Det vil vera snakk om formidling i mindre målestokk, der ein samarbeider nært med andre aktørar.

VNJS kan ikkje overta oppgåvene til den Den Norske Jazzscene, men derimot supplere denne og andre.

Like fullt er det oppgåver som framleis er skadelidande og som ikkje vil verta gjort av andre:

- musikarar i eigen region vil framleis trengja hjelp til turnear i eigen regi. Det er langt mellom engasjementa i DNJ.
- avgjerande for lokale band er spelejobbar. Klubbane mottek derimot ei rad med tilbod, og det er ikkje lett å få jobbar for lokale band .

7.3 Moglege arbeidsoppgåver.

Turnéproduksjon i VNJS må vera fleksibel og vektlegga samarbeid med andre aktørar som arbeider med formidling.

VNJS sine arbeidsoppgåver når det gjeld turnear kan vera;

1. leggja opp turnear for musikarar frå regionen
2. leggja til rette for samarbeidskonsertar som kan koma ut på turnear.
3. arbeida fram samarbeidskonsertar med Rikskonsertane på fylket, der ein kombinerer skule- og kveldskonsertar.
4. fylgja opp/koordinere/leggja opp turnear på vegne av DNJ, for å oppnå maksimal samordning med mest mogleg engasjement i regionen.
5. vera eit kontaktledd, ei naturleg adresse for dei som ynskjer å få tak i profesjonelle musikarar og instruktørar som kan arbeida ovanfor kor, storband m.m.
6. finna ordningar for betre tekniske løysingar(PA/teknikk)

8. STYRINGSMODELL/VEDTEKTER

8.1. Styresamansetjing.

Planen er at Vestnorsk jazzsenter vert oppretta som ein sjølvstendig, organisasjon, eventuelt som ei ideell stifting som kan verta definert som eit "knutepunktsenter". Økonomiske midlar vert kanalisert direkte til VNJS fra dei løvvande styremakter.

Styret for senteret er føreslått med følgjande medlemmer:

| | | |
|--------------------------------|-----------|------------|
| Kulturdepartementet | oppnemner | styreleiar |
| Hordaland fylkeskommune. | oppnemner | 1repr. |
| Bergen kommune | oppnemner | 1 repr. |
| Norsk Jazzforbund | oppnemner | 1 repr. |
| Bergen Jazz Forum | oppnemner | 1 repr. |
| Foreningen Norske Jazzmusikere | oppnemner | 1 repr. |
| Rogaland fylke | oppnemner | 1 repr. |
| Sogn- og Fjordane | oppnemner | 1 repr. |

For at VNJS skal vera ein juridisk organisasjon i form av ei ideell (ikkje næringsdrivande) stifting, treng ein ikkje oppretta eit representantskap. Lova krev at det vert oppretta eit styre for stiftinga. Utforming av vedtektena er avgjerande for om stiftinga skal verta friteken for honoraravgift.

Kommunale og fylkeskommunale representantar kan evt. opptre som observatørar, dersom dei ikkje ynskjer direkte styredeltaking.

Kulturdepartementet peikar ut leiar for styret.

Administrasjonen er styret sin sekretær, og har møterett/plikt i styret. Likeleis har øvrige tilsette i VNJS møteplikt ved styret si innkalling av dei.

Det vert oppretta eit **programråd** som skal fungera som kunstnerisk råd.


Programrådet vert sett saman slik:

| | |
|---------------------------------|------------------------------|
| Styret for Vestnorsk jazzsenter | oppnemner to representantar |
| Bergen Jazzforum | oppnemner to representantar. |
| Foreningen Norske Jazzmusikere | oppnemner ein representant. |

Dagleg leiar for VNJS er sekretær for rådet.

Bergen Jazzforum består i eige namn som medlemsorganisasjon som i dag, og utvidar sin konsertproduksjon ved å vere arrangør for VNJS's konsertverksemd. På denne måten nyttar ein BJF's allereie etablerte ekspertise og bruk av scene/frivillige vakter/godvilje osv. BJF kan også framleis drive eigen konsertverksemd, utelege av øvingsrom o.s.v.

Ei av VNJS sine hovedfunksjonar vil vera konsertproduksjon, der programrådet set opp årets program, og der arrangementsgjennomføring ved konsertane på scenen og i Bergen blir "sett vekk" til Bergen Jazzforum.



Kunstnarleg utval (KU)/Programråd har rådgjevande funksjon.
 BJF skal på avtalebasis stå for praktisk avvikling av konsertar i VNJS sin regi.
 Dagleg leiar er sekretær for både KU og styret.

8.2 Vedtekter.

Framlegg til vedtekter finn ein vedlagt.

9. LOKALISERING

9.1 Innleiing.

Vestnorsk jazzsenter tek sikte på å halda til i Kulturhuset USF og der disponera lokale for administrasjon, øvingsrom, profesjonellscene og undervisningslokale.

Arealkrava vil bli utvida i takt med utbygginga av Vestnorsk jazzsenter. Ein føreset at Vestnorsk jazzsenter ved etableringa 1.8.95 driv si konsertverksemd i Bergen på eksisterande scener i Kulturhuset USF.

9.2 Lokaler

9.2.1 Administrasjonslokale.

Ein føreset at Vestnorsk jazzsenter har delvis felles administrasjon med Nattjazz/Bergen Jazzforum. Dette medfører kostnadseffektiv drift med omsyn til bruk av teknisk utstyr, merkantile tenester og eventuelt bruk av felles stillingar.

| | |
|-------------------------|--------|
| Arealkrav kontor/arkiv: | 55 kvm |
|-------------------------|--------|

9.2.2 Øvingslokale.

Vestnorsk jazzsenter bør disponera øvingslokale med tanke på produksjon for turneverksemd og undervisning. Øvingslokale må ha ein annan kvalitet med tanke på lydisolasjon og teknisk utrusting. Dette medfører høgare leigekostnader.

| | |
|-------------------------|--------|
| Arealkrav øvingslokale: | 80 kvm |
|-------------------------|--------|

9.2.3 Undervisningslokale.

